

Fire politikarar frå Uskedalen har fått fast plass i det nye kommunestyret medan det er sju varafolk frå bygda vår. Så godt representerte har vi ikkje vore på lenge og det er naturleg at det blir stilt store forventningar til dei nyvalde/attvalde.



Torfinn Myklebust møter veljarane

Tysdag kveld, i Gamleskulen, vil kvartetten og varafolka møta veljarane sine og bli konfrontert med sakene dei bør interessera seg for i Uskedalen i dei neste fire åra.

Møtet er eit naturleg framhald av valet og det er sjølvstøtt og opne for alle.



Gunn Mari Moberg møter veljarane

Dei fire faste politikarane er Torfinn Myklebust (IP), Gunn Mari Moberg (H), Bjarne Lilleås (V) og Tove Lill Lakselv (Frp). Diverre vil ikkje kabalen med plassering i styret og utval vera klar når møtet blir halde. Den blir ikkje klar før 15. oktober.




Tove Lill Lakselv møter veljarane

Bygdeutviklingsprosjektet til Uskedalen Utvikling ved prosjektleiar Kristian Bringedal er initiativtakar og tilskipar av møtet, som startar klokka 19, og Bringedal kjem med stikkord for nokre av dei saksområda som sikkert vil bli berørte:

- Bustadfelt og bustadbyggjing, fleire aktuelle prosjekt
- Industriområdet Børneset med ny giv?
- Trafikksikring med forlenga sykkel- og gangbane
- Sentrale reguleringsplanar, som Rabbenområdet
- Skule og barnehage med behov for opprusting
- Sentrumstiltak med mellom anna høgspantlina gjennom bygda
- Kultur, turisme og friområde
- Møteplassen Gamleskulen

Bringedal opplyser at det er utsendt spesiell invitasjon til alle i Uskedalen som ein veit har tilknytning til eit eller anna prosjekt eller har interesser i ei aktuell



Bjarne Lilleås møter veljarane

sak. Han vonar at mange møter fram og gjev uttrykk for kvad ei no ventar av kommunen og politikarane.

Det blir også ein bolc i møtet med oppsummering av sommaren med besøkstal på dei ulike arrangementa og i båthamnane og på campingplassane. Har det vore ein god sommar og har vi gjort ein god jobb for å trekkja fleire til bygda?

Av Ola Matti Mathisen